



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3763 - 16/19422

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.07.2016

Utsleppsløyve - gbnr 103/8 Fjellanger.

Administrativt vedtak. Saknr: 349/16

Tiltakshavar: Trond Hogne Fjellanger
Ansvarleg søker: Stendal VVS AS
Type utslipp : Sanitært avløpsvatn med utslipp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for gbnr 103/8. Utsleppet omfattar einebustaden på eigedomen og aktivitet knytt til verksemda Vågseidestranda Feriesenter.

Det er oppgitt at søknaden gjeld 1 heilårsbustad, 1 leilighet og 3 hyblar. Samla storleik er opplyst til 15 pe.

Utsleppet frå eigedomen vert i dag ført til sjø ureinsa. Det vert no søkt om å reinsa utslippet i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det reinsa utslippet vert ført til eksisterande avlaupsleidning som går til sjø. Det er opplyst at utsleppsleidningen har ei lengd på 280 meter og at utsleppsdjupna er på omlag 30 meter.

Det vert elles vist til søknad mottatt 10.03.2016, supplert 14.04.2016.

Planstatus

Eigedommen er omfatta av Kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden vedtatt av kommunestyret den 24.09.2015. Tiltaket er plassert i område som er avsett til byggjeområde for fritids- og



turistføremål, FT1. I dette området er det krav om utarbeiding av reguleringsplan før løyve til tiltak kan godkjennast, jf punkt 1.1 i føresegnene til planen. Tiltaket er også plassert i strid med byggjegrensa mot sjø. Det er i vedtak datert 05.07.2016 gitt dispensasjon frå plankravet og byggjegrensa mot sjø.

Området i sjø er avsett til område for bruk og vern av sjø og vassdrag der føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med planen på dette punktet, jf punkt 5.2 i føresegnene.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Omsøkt plassering og utsleppsstad er vist i revidert kart i målestokk 1:1000 mottatt 14.04.2016.

Reinseløysing

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget tilfredsstillar NS EN-12566-3. Omsøkte reinseløysing stettar krav til utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser.

Drift- og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Det ligg ikkje føre serviceavtale.

Naturmangfaldlova og andre interesser:

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldlova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Fjellangervågen er del av det kartlagte friluftsområdet Lindåspollane – Lygra. Området er registrert som svært viktig.

VURDERING

Fjellangervågen er del av Lindåsosane som består av fleire terskelpollar med naturleg dårlege tilhøve som gjer dei ueigna som resipient, jf Miljøundersøking Lindås kommune 2004. Ideelt sett bør det ikkje etablerast nye utslepp som drenerer til pollane. Nye utslepp, bør gjennom fellesanlegg, førast ut av området til betre resipientar.

Det er ikkje kommunalt anlegg eller andre fellesanlegg for avlaupsvatn i området. Avlaupssituasjonen i området må løysast gjennom etablering av private anlegg.

Omsøkte plassering av utsleppsleidningen slik den går fram av kart mottatt 14.04.2016 samsvarar ikkje med den skildra plasseringa, der det går fram at utsleppsleidningen er 280 meter lang og ført ut på om lag 30 meter djupne. Dersom utsleppsleidningen er plassert slik innsend kart viser må utsleppsleidningen førast lenger ut i sjø.

Omsøkte utsleppsløysing stettar strengaste reinsekrav i forureiningsforskrifta, dvs krava til følsamt område med brukarinteresser. Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det

vert sett vilkår om at det vert send inn revidert situasjonskart som viser endeleg plassering av leidningen og utsleppspunkt i sjø. Utsleppsleidningen må førast ut på minst 20 meter djupne. I tillegg må utsleppspunktet liggja tilstrekkeleg langt ute slik at badeplassen på eigedomen ikkje vert påverka av utsleppet.

Godkjenning etter andre lovverk

Det er søkt om løyve til etablering av avlaupsanlegget etter plan- og bygningslova. Søknaden vert handsama i eiga sak. Søknaden må også omfatta utleppsleidningen i sjø som ikkje er godkjend etablert. Revidert situasjonskart og erklæring om ansvarsrett som også omfattar legging av leidning i sjø må liggja føre før kommunen kan handsama saka.

Plassering av leidning i sjø krev eige løyve etter hamnelova. Det er Bergen og omland havnevesen som handsamar desse. Kommunen kan ikkje gje byggjeløyve før naudsynt løyve etter havne- og farvannsloven ligg føre.

Anna

Kommunen gjer merksam på at dette utsleppsløyvet ikkje medfører godkjenning av ikkje legaliserte tilhøve på eigedomen knytt til drifta av Vågseidestranda Feriesenter. Kommunen har ved handsaminga av denne søknaden heller ikkje tatt stilling til storleiken på utsleppet i forhold til aktiviteten på eigedomen og belastninga på anlegget. Det vert gjort merksam på at auka belastning på anlegget ut over 15 pe krev at det vert søkt om og gitt nytt utsleppsløyve.

VEDTAK

Med heimel i forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 15 pe for eigedommen gbnr 103/8 på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologis/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac.**
- 2. Utsleppet er godkjend for 15 pe.**
- 3. Før søknad om løyve til tiltak vert handsama skal det liggja føre**
 - løyve etter hamnelova
 - serviceavtale for drift og vedlikehald
 - revidert situasjonskart som viser endeleg plassering av leidning og utsleppspunkt
- 4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3763

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og omland havnevesen
Trond Hogne Fjellanger

Postboks 6040 5892
Fjellangersvingane 5955
28

BERGEN
LINDÅS

Mottakarar:

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND